

Saksprotokoll

Organ: Komité for samfunnsutvikling

Møtedato: 19.05.2020

Sak nr.: 20/4627-2

Internt l.nr. 10822/20

Sak: 21/20

Tittel: Saksprotokoll - Etablering av forprosjekt - "Hent meg"-ordning i Sogndal

Handsaming:

Frå rådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Komité for samfunnsutvikling rår formannskapet til å gje slik tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret i Sogndal kommune vedtek å starte opp forprosjektet «Hent meg - Sogn» med innhald i samsvar med beskrivinga i denne saka.
2. Forprosjektet har ein kostnad på kr. 100.000,-. Administrasjonen vert oppmoda om å avklare finansiering av arbeidet til saka vert fremja for kommunestyret.
3. Det vert lagt til grunn at administrasjonen avklarar moglegheita for å gjere arbeidet regionalt for Sogn, eventuelt med delar av Sogn.
4. Kommunestyret ynskjer at forprosjektet vert gjennomført slik at eventuelle behov for finansiering vert spelt inn i samband med handsaming av budsjettet for 2021.

Endringsframlegg:

Komité for samfunnsutvikling sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret i Sogndal kommune vedtek å starte opp forprosjektet «Hent meg - Sogn».
2. Det vert lagt til grunn av Administrasjonen avklarar med fylkeskommunen om finansiering og eventuell oppstart av arbeidet før saka vert fremja for kommunestyret.
3. Det vert lagt til grunn at administrasjonen avklarar moglegheita for å gjere arbeidet regionalt for Sogn, eventuelt med delar av Sogn.

Avrøysting:

Framlegget frå komité for samfunnsutvikling vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå rådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Komité for samfunnsutvikling rår formannskapet til å gje slik tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret i Sogndal kommune vedtek å starte opp forprosjektet «Hent meg - Sogn».
2. Det vert lagt til grunn av Administrasjonen avklarar med fylkeskommunen om finansiering og eventuell oppstart av arbeidet før saka vert fremja for kommunestyret.
3. Det vert lagt til grunn at administrasjonen avklarar moglegheita for å gjere arbeidet regionalt for Sogn, eventuelt med delar av Sogn.